

Det kongelige Kunnskapsdepartementet
Postboks 8119, Dep

0032 OSLO

Dykkar ref:

Vår ref:
2010/290-7158/2011

Sakshandsamar:
Edvin Aase,

Arkivkode:

Dato:
30.12.2011

Høringuttale - forslag til endringer i opplæringslova - Nasjonal bestemmelse om lærertetthet i grunnskolen

— Viser til høringsbrev datert 04.10.11 samt høringsnotat datert 03.10.11 om endringer i Opplæringslova m.a. innføring av nasjonal bestemmelse om lærertetthet i grunnskolen.

Fitjar kommune viser til vedlagt høringuttale vedteken i Fitjar formannskap 14.12.11

Med helsing

Edvin Aase
skulesjef

Oppvekst

Fitjar kommune

Postboks 83, 5418 FITJAR
Telefon:
Faks:

Direktetlf. og e-post: 53458525
edvin.aase@fitjar.kommune.no

Til Kunnskapsdepartementet

Høyringsuttale om forslag til endring i opplæringslova - Nasjonal bestemmelse om lærertetthet i grunnskolen

Vedtak i Fitjar formannskap 14.12.11

1. Fitjar formannskap støttar opp om uttalen frå KS i denne saka.
2. Fitjar formannskap godkjenner vedlagte framlegg til eigen høyringsuttale og ber om at denne vert send inn som svar frå Fitjar kommune.

Høyringsuttale frå Fitjar kommune:

Fitjar kommune arbeidar målretta for å skapa ein god skule i kommunen. Me vil betra læringsresultata basert på vurderingar av lokale skuleutfordringar og kunnskapsbaserte tiltak. Elevane i kommunen skal ha ei likeverdig opplæring.

Fitjar kommune ynskjer å nytta sine ressursar mest mogleg målretta og fleksibelt for å skapa ein god grunnskule for elevane. Lærarane sin fagleg og pedagogiske kompetanse er viktig for å oppnå dette. Fitjar kommune meiner at ei nasjonal avgjerd om lærartettleik ikkje er eit eigna virkemiddel for å skapa ein god skule med godt læringsutbytte for elevane. Regjeringa skriv sjølv i høyringsnotatet at det generelt ikkje er nokon direkte samanheng mellom lærartettleik og læringsresultat.

Lovendring i 2003 ga kommunane eit handlingsrom slik at kommunane og skulane sjølv kunne styra ressursfordelinga. Dette handlingsrommet og ansvaret har Fitjar kommune teke. Lovendringa ga høve til å organisera opplæringa noko meir fleksibelt med det sikte å betra læringsmiljøet og elevane sine læringsresultat. Fitjar kommune meiner at ressursane i skulen må bli retta inn mot skulen sin hovudoppgåve, elevane si læring. Hovudmålsetjinga er å få til medviten ressursbruk slik at desse kan bli konsentrert om skulen sitt mandat, elevane si læring.

Etter Fitjar kommune si vurdering gir forslaget om nasjonal minstestandard om lærartettleik i grunnskulen ikkje noko bidrag til dette. Det er vanskeleg å skjøna korleis ein kan skapa god skulen med minimumsressursar. Ei nasjonal minimumsstandard om gjennomsnittleg lærartettleik vil kunne føra til detaljfokus med unødvendig statleg regulering. Kommunen er medviten om sitt ansvar i høve til å skapa ein god skule og tildela nødvendige ressursar ut frå ei heilskapsvurdering.

Etter Fitjar kommune si vurdering er gode ressursnormer allereie på plass. Etter lova skal dei gamle klassesdelingsreglane fylgjast som minimumsressurs. Så skal kommunen vurderer kva som må koma i tillegg for å sikra ei pedagogisk og tryggleiksmessig god opplæring. Dette ansvaret har kommunen teke – me viser her til GSI-statistikk for grunnskulen og www.skoleporten.no

For Fitjar kommune

Edvin Aase
skulesjef